



SOGN REGIONRÅD

Mentor på arbeidsplassen

Jobben gjev mange av oss ein stad å høyre til, arbeidskameratar og ein inntekt å leve av. Du kan glede deg til helg og til feriane, du kan leggje deg trøyt og ha noko å stå opp til. Du lærer stadig noko nytt, du høyrer til ein stad.

Ikkje alle kan søkje seg rett ut i ein ordinær jobb. Å trene på ein god arbeidsplass er den beste måten å kvalifisere til arbeid. For mange som har kome flyttande til Noreg og Sogn, er det å vere i arbeid den beste måte å lære norsk på.

Gjennom prosjektet *Sogn for alle* tilbyr Sogn regionråd eit mentorprogram for tilsette som gjev opplæring, oppfølging og støtte til nykomlingane på arbeidsplassen.

Kva? Me tilbyr opplæring til dei som tek i mot innvandrarak på arbeidsplassane. I programmet set me fokus på tema som rettleiing og kommunikasjon, kulturell variasjon, psykisk helse og arbeid og konflikthandtering. Deltakarane vil vere med å gje programmet form. Ved å melde på tilsette bidreg verksemda i Sogn regionråd sitt arbeid for integrering og inkludering.

Kven? Dette er for verksemder som tilbyr arbeidstrening eller har eit stort rekrutteringsbehov. Mentor er ein tilsett som ofte får ansvar for å ta i mot nyttilsette og deltakarar på arbeids- og språktrening. Dei er tett på og er ein kjentmann i høve arbeidsoppgåver og livet elles på arbeidsplassen. Dei gjev opplæring, oppfølging og støtte og er motivert for å lære meir om det å vere mentor.

Korleis? Mentorprogrammet består av fem samlingar i perioden oktober 2022 til mars 2023. Verksemda gjev dei tilsette fri for å delta og får tilbake kompetaseheving innanfor viktige fagområder.

Samlingane vert haldne i Sogndal og er gratis. Vestland fylkeskommune og Sogn regionråd finansierer programmet.



Interessert?

For meir informasjon kontakt prosjektleiar Jeanette Walsvik, tlf. 900 76 139.

Deltaking avklarast med næraste leiar.

Påmelding til jeanette.walsvik@sogndal.kommune.no

Før på namn, bedrift, e-post, telefonnummer og namn på leiar.